



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Radøy Sau og Geit v/ leiar Kåre Hole  
5938 SÆBØVÅGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 16/1500 - 17/11651

Saksbehandlar:  
Kjartan Nyhammer  
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:  
22.09.2017

## Svar på søknad om økonomisk støtte til Landbruksdagen 2017

### Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke

Landbruksdagen i Austrheim er eit årleg arrangement der landbruksnæringa i heile Nordhordland er arrangør. Landbruksdagen er eit utstillingsvindu for landbruket retta mot innbyggerane i Nordhordland. Mange av aktivitetane er retta mot born og unge. Eit viktig formål her er å formidla kunnskap om matproduksjon og kor maten kjem frå. Men også mot vaksne der ein formidler produksjon og utstyr frå farne tider.

Vidare er det utstilling av maskiner og reiskapar for bønder og kårings sjå av vêrlam for sauehaldet. Arrangementet hadde meir enn 2000 deltakara innom portane i 2015 og 2016.

Dei omsøkte pengane skal nyttast til transport, oppsetting og demontering av stort telt knytta til kårings sjået. Kårings sjået er knytta til Landbruksdagen og trekker mange skuelystne utanfor næringa. Kåringa er eit viktig tiltak i avlsarbeidet og er vidare ein viktig miljøskapar i det omfattande sauehaldet me har i Nordhordland. Sauehaldet er den viktigaste bidragsytar til det landskapet som endå er ope her i Nordhordland.

Radøy kommune ynskjer å bidra til å oppretthalde det flotte arrangementet «Landbruksdagen» og kårings sjået for Austrheim, Lindås, Meland og Radøy.

Konklusjon : Radøy kommune løyver kr 7500 i økonomisk støtte.

**Vedtak:**

Radøy kommune løyver kr 7500 til Radøy Sau og Geit. Pengane skal nyttast til Landbruksdagen i Austrheim 2017. Pengane vert utbetalt frå konto 14700 – 4500 – 3290.

**Vedtak:**

Med helsing

Kjartan Nyhammer  
Landbrukssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Radøy Sau og Geit v/ leiar Kåre Hole

5938

SÆBØVÅGEN